




Tryggheimhelsing




Jubileums-
komiteen
er godt i gang
s. 4



Sasha skaper
skulelyst
s. 7



Årets
entreprenørar
s. 10-11



s. 4-5





Gjermund Viste

Ein glad 99-åring...

Det yrer av liv på Tryggheim. Her spring 513 elevar på vidaregåande og 243 elevar på ungdomsskulen inn og ut av klasserom, kantine og internat. Her er mange elevar, og mykje å gle seg over. Fleire av elevane er etterkomrarar av bonde Mandius Bjorland som gav ei 10 mål stor tomt til Tryggheim då dette byrja!

100 år, men ikkje likegyldig

Tryggheim skular er 100 år i 2019 (velkommen til jubileumsfest 19. oktober). Det byrja som Tryggheim ungdomsskule i 1919. Sven Foldøen var sentral både for å få dette til og i innsamlingsaksjonen som følgde. Heilt sidan oppstarten i 1919 har Tryggheim funne velvilje hjå misjonsfolket. Tryggheim blei starta i tru til at Gud hadde ein plan med denne skulen, og vi kan ikkje sjå at kallet er trekt attende og planen fullført. Vårt kall er framleis å vere tydelege på vår kristne kulturarv. Vi samstemmer med Linda Austnes: "Der alt er like gyldig, vert alt likegyldig!"

Kjem kongehuset?

Det året Tryggheim vart 90 år, hadde vi storfint besøk på skulen. Det var valår, politisk paneldebatt og ni politiske parti stilte med politisk aktive ungdomar. I denne perioden hadde vi også besøk av statsråd Magnhild Meltveit Kleppa saman med ordførar Terje Mjåtveit. Statsråden var her i samband med stortingsvalet og hadde takka ja til invitasjon frå Tryggheim, - kanskje første gong i historia! Kleppa og Mjåtveit uttrykte begge at friskular som

Tryggheim måtte få levelege vilkår, slik at skulen kunne fokusere på undervisning og elevar framfor å måtte arbeide for å framskaffe midlar. Ordføraren understreka Tryggheims rolle i lokalsamfunnet og var særleg positiv til at skulen dei seinare år har teke større del i bygda, bl.a. gjennom eigarskap i Nye Loen (idrettsanlegget). Vi opplever framleis å ha god omtale og støtte blant sambygdingane. Til jubileumsfeiringa hausten 2019 har vi invitert representantar for kongehuset. Det gjorde vi allereie våren 2018, og vi rykker stadig fram i køen. Snart føreligg det eit svar.

Markeringar allereie frå januar

Vi er takksame for komiteen som jobbar med jubileumsbok! Korleis best mogleg samle 100 år mellom to permar? Det vert spanandel! Vi er også takksame for jubileumskomiteen som har lagt ned eit fantastisk arbeid og som no inviterer OSS ALLE til fest og flotte markeringar.

Vi ønskjer saman med Tryggheimvenene og misjonsfolket å blankpusse friskulens ideal og løfte fram viktige tema som opptek oss i kvardagen. Allereie 14. januar inviterer vi til første markering. Du, lesar av Tryggheimhelsing er også velkommen! Ta med deg ein ven, ektefellen, familie... Er det bibelgruppe eller foreningsdag, - hør med dei om dei har lyst å vere med. Er det ikkje foreningsdag – inviter dei med likevel. Sjå program for desse samlingane i dette bladet. Håpar å sjå deg på ein eller fleire av desse!

Det e jabnå så drege

Midt oppi jubileumsplanane er det likevel flest kvardagar. Vi prøver å drive fagleg god skule kor elevens læringsutbytte er i sentrum! For å få til det, planlegg vi også at eit nytt undervisningsbygg må stå ferdig før vi vert 110 år. Skal vi lukkast med det, må vi gi Tryggheimvenner høve til å gi ei jubileumsgåve. Tryggheims kristne verdigrunnlag står sentralt i arbeidet, frå morgen til kveld. I skrivande stund har vi møteserie med misjonær og forkynnar Kari Helene Haugen. I dag fortalte ho på morgonsamlinga for 500 lydhøyre elevar korleis ho vart ein kristen. I dette flotte skulearbeidet gjør også miljørarbeidaren ein sjeldan god innsats blant elevar, før, under og etter møta, på fritida m.m.

"Lær den unge den vegen han skal gå! Så vik han ikkje frå han når han vert gammal." (Ordspråkene 22,6.)

Her er store oppgåver! Takk for omsorg og forbøn!



Drømmen om julefred

Julefred: En utopisk, latterlig tanke. En urealistisk drøm. Et eventyr. Å få julefred er for meg et bilde på noe jeg ikke har, men som jeg kan se for meg. Dette bildet er alltid langt fra slik mine julefeiringer har vært. Hvert år tenker jeg: Kanskje jeg kan planlegge litt klokere, kutte ut noe, få det til bedre og da, da kan kanskje også jeg oppleve julefred?

Samtidig er jul uten fred absolutt en mulighet. Det går jo! Det er den typen jul jeg kan! Likevel, hvert år dras jeg mot julefred. Jeg tror det er fordi fred er så tett knyttet til trygghet og kjærlighet. Jeg tenker det blir umulig for oss å oppleve fred på dypet, uten disse to tilleggsgrediensene. Trygghet, kjærlighet og fred – er det dette som er den ultimate julecocktaillen?

Kan det hende julefreden er oppskrytt? Eller er det slik som med svømmebasseng i hagen – kun for de heldige utvalgte? Jeg sier jo selv så ofte at livet er urettferdig og at man ikke kan ta ting som en selvfølge. Er jeg håpløst naiv som håper at det kanskje er mulig?

Kan det hende at det er den freden vi har tilgang til på helårsbasis vi bør snuse nærmere på? Er det mulig at om vi hadde stilt oss mer tilgjengelig for Guds fred gjennom resten av året, så hadde vi forstått dette med julefred også?

Kanskje julefreden kan snike seg på meg slik sovnen så ofte gjør. Litt umerkelig, uten sus av pompøs luksus, nybakte julekaker og barnelek. En snikfred. Det er mulig at jeg rett og slett trenger å trenre fredsmusklene, hele året gjennom, et sted dypt der inne, og vite at Gud kom til meg med sin fred, kjærlighet og trygghet. Tandert, usminket og ekte. Et spedbarn sovende i en krybbe. Kan hende julefred er en helårsøvelse i å holde hjertet varmt og mykt i møte med en Gud som elsker.



Av Liv Heidi Bjelland



Vi ønsker alle leserne av Tryggheimhelsing en velsignet julehøytid og et godt, nytt år.

JUBILEUMSÅRET 2019



Jubileumskomite. Fra venstre; Tårn Helge Helgøy, Anne Lise H. Flatebø, Eli Bjuland, Lars Arild Reilstad og Aud Bodil Voll.

Jubileumsåret nærmar seg og komitéen som har oppdraget med å sette saman eit jubileumsprogram har gjort ein kjempejobb så langt. Ennå er ikkje alle detaljar og datoar på plass, men vi tar med programmet slik det ser ut nå.

Jubileumsprogram

- | | |
|--|---|
| 14.01.: | Folkehelse og livsmeistring. Oddvar Vignes og Stig Heskestad |
| 18.02.: | Misjon i ei ny tid. Hans Arne Sanna og Rune Mjølhus m/fleire |
| 08.04.: | Påske. Hans Johan Sagrusten |
| 25.04.: | Menneskeverd. |
| Mai: | Skule og næringsliv. Korleis inspirere unge til å tenke nytt og skape verdiar for andre? |
| August: | Politisk debatt. |
| September: | Bursdagsfest for elevar og personale |
| 19.10.: | Jubileumsfest |
| Januar 2020: Kva har Tryggheim betydd for deg?
Mimring saman med tidlegare elevar. | |

Vi søker **skuespillere** til jubileumsforestilling for Tryggheim

Ungdommer med frihet på scenen, evne til å lære manus, evne til å leve seg inn i en rolle. Litt erfaring er en fordel.

Send søknad på e-post til Sigurd Idland, det kan bli audition hvis mange søker.
Søknadsfrist 31. mars 2019



Sett av disse datoene:
30. mai - 1. juni eller 14. - 16. juni
24. aug. og 1. sept.
E-post: sidland@tryggheim.no

«Tryggheim i 100» med Sigurd Idland

Mange av oss kjenner igjen titlene «Dei bortkomne», «Nutopia og Sana-solia», «Lygolia», «Babbel i Babel», «Numbers» og «Dei skrullete profes-sorane» fra de årlige forestillingene med 9. trinn på ungdomsskolen. Jeg har tatt en prat med manusforfat-teren i forbindelse med en ny utfordring han har fått.

Tekst: Marit Halvorsen

Tryggheim feirer 100-årsjubileum gjennom året 2019, og komitéen har spurt Sigurd om han kan tenke seg å skrive et stykke som kan vises for elever og andre intereserte. Først en «bursdagsfest» for hele Tryggheim skular og barnehage i begynnelsen av september, og senere en åpen forestilling for andre Tryggheimvenner.

Hvordan reagerte du på utfordringen du fikk?

- Jeg syntes det var en veldig spennende utfordring å få. Først var det snakk om å lage stykket som en film, noe som var helt nytt for meg. Etter hvert landet vi på «live»-forestilling likevel, som jeg jo har mest erfaring med, og som jeg tror blir den beste måten å nå tilskuerne på. Ungdommene ser så mye på skjerm at det er vanskelig å nå dem på den arenaen. En forestilling som foregår her og nå gir en mye nærmere opplevelse av det som skjer, og skaper mer kontakt mellom publikum og skuespillere. Jeg synes det er en ære å bli spurt, og jeg gleder meg.

Hvordan startet interessen for dette med drama?

- Jeg hadde allerede på lærerskolen et halvt år med drama, der vi hadde ulike prosjekt vi jobbet med. Senere fikk jeg være med på en påskeforestilling i IMI-kirken, og likte det veldig godt. Der fikk jeg observere regissørens arbeid, og dette inspirerte meg til å tenke at jeg også kunne jobbe med denne type forestillinger.

Hvordan kom du i gang med å lage forestillinger?

- Den aller første forestillingen jeg skrev



Sigurd Idland.

var «Dei skrullete professorane» i 2010. Etter den skrev jeg en ny forestilling for ungdomsskolen hvert år i en periode. Jeg var også ansatt noen år i kirka på Lye, der jeg laget juleforestillinger med ungdommene.

Og nå er du i gang med forestillingen om 100-årsjubileet, kan du røre noe av hva vi kan vente oss?

- Selv om ikke alt er ferdigskrevet, så ligger nok en del klart allerede. Jeg ser for meg ti scener som tar opp ulike aspekt ved skolens historie. Idéene har jeg fått fra idémyldring med komitéen og fordypning i tidligere jubileumsbøker om Tryggheims historie. Det vil bli en slags historisk rundtans, som ikke nødvendigvis er kronologisk fremstilt, men som fanger opp noen hovedpoeng fra historien. Tanken er at det skal være en forestilling med glimt i øyet, så et underholdende preg vil den nok ha.

Har du en tanke om et budskap du ønsker å formidle med forestillingen?

- Jeg ønsker å være forsiktig med å si hva som er budskapet, og på den måten legge føringer for hva folk skal forvente. Jeg har flere tanker om hva jeg ønsker å formidle, men jeg tror det vil være litt individuelt hva publikum vil sitte igjen med.

Vanligvis har du pleid å plukke skuespillere fra 9. trinn på ungdomsskolen. Hvor vil du hente skuespillere denne gangen?

- Ja, nå håper jeg at ungdommene leser dette! Jeg trenger skuespillere fra nå-værende og gjerne tidligere elever på Tryggheim, både ungdomsskolen og videregående. Skuespillerne må helst ha litt erfaring fra før, være frie på scenen, ha evne til å leve seg inn i ulike roller og lære seg et manus utenat. Vi planlegger en øvingshelg i mai/juni 2019, som blir obligatorisk for skuespillerne, i tillegg må de ha mulighet for å øve både noen kvelder og en lørdag og søndag i august/september. Kjersti Skjæveland vil også være med på øvingene og på øvingshelgen, hun blir med-regissør og hjelper til med kostymer og rekvisitter.

Hva husker du selv best fra da du gikk på Tryggheim på 90-tallet?

- De beste minnene er vel fra internatet etter stengetid. Alt det tullet vi fant på i gangene og på internatstua, ler jeg av den dag i dag. Bowling med tomme deodorantbokser og å presse 20 gutter inn på én liten do, er noe av det vi fant på, men selve stemningen i gangen er blant de aller beste minnene. Salg av vafler er også en av favorittene, resultatet var både mye penger til misjonsprosjektet og mye jenter på besøk på rommet vårt.

Hva tenker du selv at dine egne elever på ungdomsskolen skal sitte igjen med etter tre år på ungdomsskolen?

- Faglig kunnskap til å kunne få en jobb de ønsker seg og kan trives med. Samtidig som jeg har et sterkt ønske om å formidle gjennom morgenandakter og samtaler at Gud bryr seg om den enkelte uansett hvordan dagen er, uavhengig av hvor flinke de er på skolen og hvilke utfordringer de har i hverdagen. For meg er det verdifullt å ha Gud med i hverdagen, og jeg ønsker at elevene også skal oppleve at Gud er deres frelses, hjelper og venn i livet, døden og helt inn i evigheten.



Får ekstrajobb etter arbeidslivsfag



Maren Aanestad og Daniel Hetland har fått seg ekstrajobb der dei har arbeidslivsfag.

Frå skuleåret 2011/2012 har nokre av elevane ved Tryggheim ungdomsskule valt arbeidslivsfag i staden for andre framandspråk eller fordjuping i matematikk eller språk. Dette skuleåret har ca. 50 elevar faget, og dei har utplassering på ei rad ulike arbeidsplassar.

■ Tekst og foto: Håkon Haugland

Maren Aanestad og Daniel Hetland går i 10. klasse og storripst med faget. Maren hadde spansk i 8. klasse, men høyрte mange som snakka positivt om arbeidslivsfag. Ho fann også ut at ho ikkje trong spansk når ho skulle vidare til Helse- og oppvekstfag på vidaregåande skule, og då var valet enkelt. Ho tok kontakt med SFO på Varhaug, og har nå arbeidd der sidan starten av niande klasse. «Det er kjekt å bli kjent med korleis arbeidslivet fungerer», seier Maren.

Daniel Hetland har hatt faget frå 8. klasse. Han har arbeidd på Spar Varhaug alle åra. «Eg gler meg til å møta dei andre tilsette, og til å gi kundane gode opplevingar, eg har lært mykje og fått prøva mange nye ting», fortel Daniel. I januar då han gjekk i niande klasse, fekk han også spørsmål om han ville arbeida i kveldar og helger. «Så nå arbeider eg nokre timer i veka, litt variert, men også når det er feriar», seier Daniel, og er godt nøgd med at arbeidslivsfaget også har gitt lønna arbeid.

Også Maren Aanestad har fått lønna arbeid, ho arbeider frå kl. 14-16 to dagar kvar veke. «Det er to timer meir enn arbeidslivsfaget skal vera, og dei to timerne får eg betalt for», forklarer Maren. I tillegg har ho arbeidd når SFO er ope i skuleferiane.

«Det er kjekt å treffa dei andre på SFO, ungane og dei vaksne, eg gler meg kvar dag eg skal på arbeid», seier Maren. Ho meiner mange burde velja arbeidslivfag. Det er bra å prøva noko anna enn berre skule, få prøva noko meir praktisk og bli kjent med arbeidslivet. Daniel er heilt einig med Maren, og seier «ein kan finna ut kva ein vil bli, og finna ut kva eit yrke eigentleg inneheld».

Både Maren og Daniel er veldig nøgde med arbeidsplassane sine. «Eg føler meg som ein del av familien som er på arbeidsplassen», seier begge to.

Leiarhjørnet

Tron-Arild Grødem

Tryggheim skular er 100 år i 2019. Det er grunn til å markera ei slik hending. Skulen har fått bevittd uendeleg mykje for ungdom på Jæren og elles i landet. Det er det mange eksempel på.

Tryggheim ungdomsskule starta ganske forsiktig med 13 elevar ein haustdag i august 2005. I dag har me 243 elevar på skulen. Ei fantastisk utvikling. I løpet av desse 13 åra har Tryggheim bygd to bygg til elevane på Tryggheim ungdomsskule. Bygg som er sett saman til ein flott skulebygning på alle måtar.

Det viktige er likevel ikkje bygget, men elevane. Det at me i personalet får vera med på å gje elevane verdiar, haldningar, livsmot og tryggleik. Me får vera med på å løfta elevane.

Me står i ein samanheng der både kulturoppdraget og misjonsoppdraget er sentralt. Me er ein skule og skal utdanna, og samstundes vera med på å forma elevane for livet her på jorda. Skulen er ikkje einaste staden born og unge blir utrusta for livet – men i ei tid der familiar og samfunnet er i ferd med å mista felles normer og reglar, blir skulen ein svært viktig stad. Arbeidet på ein kristen friskule har gudstrua og det kristne menneskesynet som bakteppe for det som blir gjort, sagt og formidla til elevar og foreldre.

Kvart menneske er skapt i Guds bilete. Det er ei viktig sanning å få formidla til elevflokkene. Eg vonar at elevane og foreldra opplever at personalet ynskjer å møta kvar einskild som Guds skapning, som sin neste og medmenneske. Det inneber at me ynskjer å møta elevane med Jesu auge og sinnelag. Me må sjå elevane

ut frå kva dei er, og ikkje ut frå kva dei gjer. Det er ei utfordring i eit samfunn som i stor grad vurderer menneska ut frå kva dei gjer og ikkje ut frå kven dei er.

Ei jente sa etter ein avslutningsfest for nokre år sidan: «De må fortsetja å fortelja om JESUS. Det viktigaste av alt!»



Det er med stort frimod me fortset arbeidet med dei flotte elevane me har. Eit arbeid som er svært meiningsfullt. Me får stå i ein viktig samanheng. Paulus skriv i brevet til Efesarane 2,10: «For vi er hans verk, skapte i Kristus Jesus til gode gjerningar som Gud på førehand har lagt ferdige så vi skulle vandra i dei.»


Personalsamling for NLM sine grunnskular

15. og 16. november var tilsette ved NLM sine heileigde grunnskular samla til personalsamling på Ognatun leirstad.

■ Tekst: Håkon Haugland
■ Foto: Thorleif Beck Grødem

140 deltakarar frå Nordborg ungdomsskule, Drottningborg ungdomsskule, Tryggheim Strand, Tryggheim Forus og Tryggheim ungdomsskule (Nærbo) skapte nye kontaktar, fekk sjå det store fellesskapet me er ein del av, og fekk lytta til god forkynning og foredrag om dei kristne friskulane si stilling i Noreg i dag.

Me fekk også godt fagleg påfyll, mellom anna om arbeidet mot mobbing, korleis me kan legga betre til rette for elevar med



høgt læringspotensial, identitetsdanning gjennom sosiale medium, og korleis me som tilsette ved skulane kan gi god undervisning om seksualitet og grenser.

I tillegg til faglege samlingar var det god drøs i pausar og ved eit godt matbord, og det var også lagt inn ein forfriskande gåtur langs nokre av strendene på Ogna.

Sasha skaper skulelyst



Jostein S. Wold har trena seg sjølv og hunden Sasha. Dei har gått gjennom eit kurs på eit år, og Sasha har gått gjennom ei rekke testar for å bli godkjent som besøkshund. I klasserommet ser det ut til at både elevar og hunden trivst med kvarandre.

■ Tekst: Håkon Haugland
■ Foto: Jostein Strømstad Wold

Jostein fortel at han har Sasha med i klassen fordi ho gjer noko med det sosiale miljøet. «Ho skaper trivsel; når ho lograr med halen blir elevar glade.» Han seier også at elevane får lyst til å kjenna på hunden, og for fleire elevar skaper lovnaden om at dei får gi hunden godbitar motivasjon til å gjera nokre oppgåver ekstra. «Det hadde ikkje vore det same å få Jostein til å rulla rundt for ein twistbit», seier ei av jentene i matematikktimen i niande klasse. I denne klassen er Sasha med i alle matematikktimane. Elevane arbeider altså meir fokusert for å få litt tid i lag med hunden, få henne til å gjera triks, klappa på henne og gi godbitar.

«Om elevane har lyst til å vera med Sasha, viser ho raskt interesse tilbake», forklarer Jostein. «Hundar er enkle å ha med å gjera på den måten, dei gir veldig tydeleg tilbakemelding», fortel han vidare. Dette kan han også snakka med elevane om, og få dei med i refleksjonar rundt kva dette betyr i sosialt samspele også mellom menneske. «Gode relasjoner skaper me når med viser interesse for kvarandre.»

Før Sasha blir med inn i ein klasse vil Jostein alltid høyra med elevane i klassen. «Eg kan ikkje ta Sasha med i ein klasse der nokon er allergiske, og eg arbeider alltid med det som fungerer godt i ei elevgruppe. Derfor er det heller ikkje aktuelt å ta ho med i ein klasse der det er elevar som er veldig redde hundar.» Jostein er særsvirtig når han fortel om Sasha og kva ho bidreg med på skulen. Det er liten tvil om at han har stor tru på at det vil vera positivt i dei aller fleste klassane. Samstundes seier han at det naturlegvis er vanskeleg å måla effekten av å ha med hunden i klassane. Men elevane både seier og viser at dette er positivt. «Når Sasha utan nokon krav viser interesse for elevane, spreier det glede. Det kan snu ein dårleg dag, og då går også læringer lettare», avsluttar Jostein.

"Utilsiktede skadevirkninger"

"For til syvende og sist er det en meget stor ting å være menneske."

- Jens Bjørneboe



Av Borghild Kvæven

Du. Meg. Han. Ho. Me. Eg har grøn-blå auge, mørkeblondt hår og er lys i huda. Ho har varme brune auge, svart krusete hår og er mørk i huda. Me har ei felles nemning: menneske.

Privilegerte, sofistikerte, markerte. Gløymt, gøymt, forsømt. Menneske. Me kan vere så mangt. Ein heil skog av nydelege tre. Ser ikkje skogen for berre tre seier nokre, men kanskje ser me ikkje trea for berre skog. Men det er nettopp det me må gjere. Me er menneske, med lengsel, håp og draumar. Me er små soler som skin inn i kvarandre sine liv. Heilt til ei sol skygger for ei anna, for fleire, og tar lyset. Mørket snik seg innpå, stille, slik det alltid gjer, og vil ikkje merkast ikkje før det er for seint.

Kven har rett til å stele andre sitt lys? Kven har rett til å helle mørk olje over ei skinande stjerne? Kven gjer slikt? Mange, er svaret. Verdi er nøkkelordet.

Som ein privilegert norsk statsborgar har eg verdiar av mange slag. Pengar, tener du kanskje. Ja, så visst. Men du kan ha så mange pengar du berre vil utan å eige noko av det viktigaste du treng, nettopp sjølvrespekt. Dette kan, kanskje spesielt for oss unge, vere vanskeleg å oppnå.

Generasjon perfeksjon er på mange måtar ein passande merkelapp. Little spegel på veggen der, er eg god nok som eg er? spør me oss sjølv dag etter dag. Spegelen blir verande taus. Ei tausheit me altfor ofte tolkar som eit nei. Fordi det er

Borghild Kvæven frå Sirdal, og Tryggheim-elev i fjar skreiv den eine av to vinnartekstar med temaet «Menneskeverd» i NLMvgs' skrivekonkurranse i vår.



alltid nokon å måle seg med, alltid eit ideal me skal nå opp til, alltid rom for å bli betre, aldri er me gode nok. Karakterane skal vere på topp, kroppen skal vere flott, vennane skal ha det godt, ingenting kan vere grått. Idealet er eit glansbilete, men me menneske kan aldri bli glattpolert marmor. Me er ikkje tause statuar. Me burde ikkje vere det. Fordi det glansbiletet me måler oss sjølv etter er berre ei løgn. Kva gjer det med oss når me aldri er gode nok som me er?

Den som teier samtykker, seier eit ordtak. Spegelen teier, og med det trur eg den samtykker med at, jo, me er gode nok som me er.

Nokre er derimot tvungne til å teie utan å samtykke. Strippa for sine grunnleggande menneskerettar blir dei selt frå ei hand til ei anna. Dei får ein prislapp. Ein verdi. Rangert etter nytte. Redusert til ein gjenstand. Strekkodar er noko me er godt vand med, det er noko me ser på kvar ein butikk. Strekkodar prydar kvar ein gjenstand. Den usynlege strekkoden på Tia, ei 15 år gammal amerikansk jente, si panne er noko anna. Det er brot på ei rekke lover.

Det er brot på menneskerettar. Det er menneskehandel. Ein type handel me er godt kjend med frå tidleg historie. I antikken Hellas var slavar ein heilt essensiell del av samfunnet. Menneske vart kjøpt og selt, fråtatt alle rettar. Denne typen handel høyrer dessverre ikkje berre historiebøkene til, det er realitet også i dag. Ein liten realitet er det heller ikkje. Tia vart tvungen til å vere ein sex-slave. Ho var 15 år. Ho frykta for livet sitt. Ho vart fråtatt sine håp og draumar. Tia er berre ein av dei 27 millionar slavar FN estimerer at det er i verda i dag. "Verda" verkar kanskje fjern og langt borte, men menneskehandel skjer også her. I våre gater. I vår verd. Under vår nase. Dersom me gløymer det, gløymer då ikkje også desse menneska sin verdi? Strekkodar burde høyre gjenstandar til, og ikkje slynge seg opp til menneske. Der har dei ingenting å gjøre.

Menneske blir kanskje ikkje omgjort til gjenstandar i krig, men derimot til "det som på det kjølige militærspåket heter utilsiktede skadevirkninger". Slik er dei som ikkje vart meint å bli drepne omtalt i Carsten Jensen si bok Den første sten. Dei sivile. Dei uskyldige. Dei som berre var på feil stad til feil tid. Kva gjer det med oss som menneske når nokre blir redusert til "utilsiktede skadevirkninger"? Det er eit framandt ord, eit me ikkje blir oppskaka eller opprørte av. Nettopp det er det nok også som er meininga. Slik gløymer me ansikta. Me gløymer at dette

uttrykket symboliserer ekte menneske, med ekte familar og ekte liv. Me gløymer menneske sin verdi. Me gløymer at dei, sjølv om dei er mange mil borte, er like mykje verde som oss, fordi dei blir omtala som "utilsiktede skadevirkninger".

Mange mil borte frå der handlinga utspelar seg, er også droneføraren. Kanskje sit han i ørkenen i Nevada, med ein kaffikopp i ei hand og ein kontroll i den andre. Langt borte frå krigssona der panikken rår. Menneska er som små prikkar på ein skjerm. Kunne like gjerne vore maur. Kunne like gjerne vore skikkelsar på eit dataspel. Det droneføraren ikkje ser, er dei rundt. Alt han ser er ein raud prikk, oppdraget, sjølvordombaren, faren. Han ser ikkje den litle jenta som står med hender fulle av smykke, ivrig etter å selje for å tene litt pengar til det måltidet ho har gått glipp av i fleire dagar. Uskyldige auge som glupsk leitar etter nokre å tre på smykka som heng på dei for tynne armane hennar. Ei livsglad stemme som engasjert reklamerer for det flotte ho sel på marknaden. Ei verd bortanfor blir ein kaffikopp sett ned. Han ser på skjermen. Skikkelsar som bevegar seg. Målet er innanfor rekkevidde. Ei bombe blir droppa. Ei uskyldig jente dør. Droneføraren ser ikkje blodet som fargar den sandete gata. Ser ikkje kroppane som dett på utsida av biletet på skjermen. Han er ferdig for dagen. Jobben er gjort. Jenta med smykka er også ferdig. For godt. Korleis kan nokre som er mange mil borte bestemme utfallet av ein krig? Me menneske er mektige, men burde me vere så mektige at me reduserer andre til skikkelsar på ein skjerm?

Verdi er nøkkelordet. Menneske, det er me alle, og me burde aldri reduserast til eit kjenslelaust uttrykk som "utilsiktede skadevirkninger". Me er då meir enn som så. Meir enn me klarar å forstå. Noah tok med seg to av kvar art i arka, men berre ein av kvart kjønn. Sjølv om det var to, var det framleis berre ein. Jorda vår er ei stor ark, der alle om bord er like attraktive som sola på ein dryppande haustdag. Kvar og ein har sin eigen sjeldsynte glans. Nokre vil kanskje sløkkje lyset med olje, men hugs at olje er ein knapp ressurs, med eit tømmeleg lager. Lyset vil framleis skinne. Utømmeleg. Slik ein planter treng sollys og vatn, treng me menneske respekt og sjølvrespekt. Kanskje det er slik Nordal Grieg sa: "Skaper vi menneskeverd, skaper vi fred".

Det burde jo eigentleg vere ein ganske stor ting å vere menneske.

Norsk Engelsk

flygel Rediger air traffic controllers



Flygel og internasjonal tillit

Tekst: Knut Handeland

Ei langtidsvarsla erklæring om at flygelet vårt skal ut på ei helserise til Polen kan berre gjentakast, denne gongen utan datomerking, men med ei medfølgande bøn om å bli trudd, trass i at det ennå ikkje har rikka seg. Forklaringsane tangerer 1. verdenskrigrekord i kompleksitet. Teieplika hindrar meg å gå inn i maten, men konklusjonen er at flygelet ikkje blir sendt av garde før i 2019.

Kva om ikkje flygel er kult lenger då? Der har me svidd av fleire hundre kroner, og så viser det seg at det er tamburin og triangel som er heite ungdomsinstrument i 2019. Kva då?

Spørsmålet som naturleg reiser seg ute i massane, i folkehavet, er: Kan me ha

tillit til nokon etter dette? Kan me tru det som står i avis, i boka, på internettverket, i Tryggheimhelsing?

Eg har begynt å tvile. Som mange har fått med seg: Ein større reportasje om flygelsaka i New York Times vekte førre veke sterke reaksjonar frå det amerikanske flygeleiar forbundet, og det vart ropt både om menneskesmugling, deportasjon og #fakenews. Opptrinnet var basert på ei språkleg misforståing. Sida me står i ein konkordant omsetjartradisjon på Tryggheim ville redaksjonen omsetje ord for ord, og det heile kom skeivt ut då google translate skulle omsetje Flygel blir snart demontert og sendt til Polen. Her stolte me på internettet, og angrar. Jan Egeland og K. M. Bondevik er heldigvis kopla på 24/7 og manar alle til fred og forsoning på generelt grunnlag.

Årets entreprenørar



Yrande liv på messeområdet.

70 unge gründerar har i haust starta ungdomsbedrifter (UB), ein vekst på over 140 % frå i fjar. Den store auken skuldast at UB-tilbodet i år er utvida frå VG1 Elektro til VG2 Byggteknikk og eit eige entreprenørskapsfag for studieførebuande.

Tekst: Henrik Foss og Knut Handeland
Foto: Tårn Helge Helgøy

Temadagen 3. november var gymsalen rigga til messeområde, dei fleste bedriftene hadde stand med produkt til framsyning og sal. Foreldre, personale og medelevar fekk god anledning til å sjå kva UB-ane held på med og til å kome tidleg i gang med julehandelen. Stemninga var god, og det viste att i sal og bestilling.

Seks av bedriftene hadde kvalifisert seg til å vere med i den interne konkurransen Gründerkveik, der dei presenterte bedrift, forretningsidé og produkt for publikum, og framføre næringslivspanelet med Meling-innehavar og styreleiar i bransjeorganisasjonen Norsk Trevare, Ole Olsen frå Kvitsøy, og gründer og forfattar Leif Arild Steen frå Finnøy. Dei kompetente øybuarane vurderte, spurte og ga råd på vegen. Bedrifta

THRE, som produserer møblar i eik, vart kåra til beste bedrift, og stakk av med ein premie på kr 1000,-. THRE har kome langt i produksjonsprosessen og vist både sjølvstende, fagleg tyngde og gjennomføringsevne.

Olsen og Steen kåra og beste utstilling, og der vann Eldregnisten premie på kr 500,- for ei produkttilpassa, integrert utstilling. Utstilling og konkurranse gir god øving i presentasjon og salssamtale, og gode kontaktar oppstår.

Her kjem ein kort presentasjon av årets ungdomsbedrifter.

Ungdomsbedrifter på Elektro:

K-led UB lagar ein led-lysande stumtenar forma som ein kaktus.


Krafthuset UB produserer eit miniatyrhus i eik med ein USB-hub der ein kan lade tre mobilar på ein gong.

Kubikk-ljos UB lagar ei lag på lag-lampe av tre og plexiglas.

Led-generasjon UB produserer led-lysande trekubbar.

Reel Stuff UB lagar lysande bord av kabeltromlar.

Solarstein UB produserer lysande steinar og figurar som skal stase opp hagar og terrassar.



THRE UB vann pris for beste ungdomsbedrift.



Eldregnisten UB vann prisen for beste stand.



Leif Arild Steen og Ole Olsen utgjorde næringslivspanelet.

Ungdomsbedrifter i Entreprenørskap og bedriftsutvikling-klassen:

Concreation UB lagar interiørprodukt av tre og betong.

Eldregnisten UB skal utvikle eit produkt som heiter Eldreboksen, som skal vere eit spel for eldre som skal vekke gamle minne og gje dei meistringskjensle.

Good Morning UB skal gi jobb til menneske med rusproblem. Forretningsidéen går ut på å selje kaffi med meir ved togstasjonar.

Gravering UB graverer kunden sitt sjølvvalde motiv på ulike gjenstandar, mellom anna treprodukt. Bedrifta tilbyd tenesta til

både bedrifts- og privatmarknaden.

Mariposa UB sel naturlege ansiktsoljer.

Print-it UB trykker logoar og andre tekstar på tekstilar.

THRE UB snikrar møblar og pynt til stovet bordet.

TB fix and finish snikrar møblar etter ønske frå kunden.

Trestammen UB lagar mellom anna skjerefjøler av resirkulert materiale.

Ungdomsbedrifter på Byggteknikk:

Alt i ett UB lagar vedkassar av tre og betong.

Gjerdarane UB tilbyd tømrartenester.

KlinKokos UB lagar pyntegjenstandar, kopper og lampar av kokosnøtter.

Smartbord UB produserer eit lite ovalt bord med trålaus mobillading.



THRE UB produserer og pynteting i tre i tillegg til møblar.

Vissste du at...

Sondre Dahlstrøm Andersen (BA/PB 12-15) og Anna Nesje giftet seg 1. september
Gjertrud Evje (ST 09-12) og Øystein Fosse giftet seg 13. oktober

Anna McDowell (HO/PB 14-17) og Sindre Norheim giftet seg 03. november

Savner du fokus på elevstevnet 2018? Bilder fra arrangementet publiseres i neste nummer av Tryggheimhelsing, men allerede nå kan du laste ned bildene fra hjemmesiden vår – www.tryggheim.no.

Tryggheimkalender

DESEMBER

Tors. 20. Julefest
Fre. 21. Siste skoledag før jul (halv dag)

JANUAR

Tors. 3. Første skoledag etter jul

FEBRUAR

Tirs. 19. - fre. 22. Leirskole VG1
Man. 25. - fre. 1.3. Vinterferie

MARS

Tirs. 5.-fre. 8. Leirskole VG1
Ons. 6. og lør. 9. Tryggheimbasar

TRYGGHEIMHELSING

Redaksjonskomité:

Kjartan Håland (redaktør)

Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)

Sofie Braut

Henrik Foss

Knut Handeland

Kristin Samdal

Bjørg Topnes

Håkon Haugland (ungdomsskolen)

Kasserer: Elisabeth Krogedal

e-post Tryggheim skular: post@tryggheim.no

Bladet koster kr 100,- pr år.
Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk: Lura trykkeri AS

Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)



Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til aanestad@tryggheim.no, SMS til 906 52 360 (Kjartan H.), eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klasse!).

Returadresse:
Tryggheimhelsing
Tryggheimveien 13
4365 Nærø

Luftige løp


Har du tenkt på at skulevegen din eigentleg er ei hinderløype? At det høge gjerdet til naboen og den grelle kommunale betongkonstruksjonen eigentleg er ein ståande invitasjon til klatring og kreativ akrobatikk? Nei vel. Ver klar for eit nytt perspektiv på alle fysiske hindringar på din veg og møt Tollef Skrettingland Roba som går første året på studiespesialisering. Han er trenar og utøvar i sporten med det eksotiske namnet parkour.

Tekst: Sofie Braut

Eit internetsøk fortel oss at parkour er ein «urban sport», at han oppsto i Frankrike og at ein utøvar vert kalla «traceur». Men det er slett ikkje så komplisert som fransk grammikk.

—Sporten går heilt enkelt ut på å komma seg raskast mogleg frå A til B, til dømes i eit bymiljø der det er naturlege hinder som må forserast, forklarer Tollef som har drive med sporten i 3-4 år etter å ha blitt inspirert av broren som også er pasjonert parkourutøvar. —Parkour ser veldig kult ut, og det er både spennande og utfordrande å driva med. Då eg starta, var det ikkje så organiseret, eg berre heldt på med det heime i hagen og på skulen. Seinare fann eg ut at Bryne turnlag hadde treningar og melde meg inn der for å kunna vera med i eit meir organisert miljø, seier Tollef, men poengterer kjapt at parkour absolutt ikkje er det same som turn.

—Nei, det der er ein debatt som rullar og går internasjonalt, der turnforbundet gjerne vil «slå kloa i» parkouren og innlemma han som ei av sine greiner, men for Tollef vert det feil. —Det er viktig å ta vare på det som er speiselt med nettopp denne sporten som ikkje skal vera ein inne-idrett som er altfor «strigla» —parkour skal ein jo driva med utandørs og overalt, understrekar Tollef. Den unge Tryggheimleven har alt rukke å verta trenar for ivrige unge jærbuar som strøymer til for å læra å bli sterke, smidige og raske i møte med alle slags hinder. Tollef er trenar både for 5.-7.- klassingar og ei gruppe frå 8. klasse og



Midt i ein wallflip - springe oppetter ein vegg og ta ein baklengs salto. Foto: Privat

oppover, og med tretti parkourspirer i kvar gruppe ser vi lett føre oss at det er meir enn nok å halda styr på. Tollef verkar som han likevel er mann for å ha ro og idrettsglede sjølv det det yrer av unge som triksar og trenar for bokstaveleg talt å komma seg opp og fram. Ein variant av idretten heiter free running, denne har blitt kjent gjennom fleire ulike filmar dei seinare åra. I James Bond-filmen Casino Royale (2006) er til dømes den typiske biljakt-opninga erstattat med ein sekvens der Bond jaktar ein kjeltring over tallause tilsynelatande uframkomelege hinder berre med menneskeleg fart og fysikk. Slike glimt av idretten har truleg bidrege til at mange, mellom dei Tollef, no drøymer om å delta i internasjonale turneringar og står tolmodig og hjelper store grupper med unge utøvarar i gang med tips og triks.

—I free running er fart viktig, men her er det endå meir fokus på å få det til å sjå kult ut.

Her er «flow» eit stikkord, smiler Tollef, det skal altså vera fin flyt i utføringa. Underteikna hadde hatt nok med å kava seg over eit av mange potensielle urbane hinder, om ho ikkje i tillegg måtte halda stilten... Vel. Som alle idrettar har også parkour sine heltar. Ein av dei aller største heltane for parkourfolk heiter Sébastien Foucan, ei definitiv verdsstjerne i miljøet. Då Tollef og broren i sommar var på det han spøkefullt kallar ei pilegrimsreise for parkour-entusiastar i utkanten av Paris, trefte dei tilfeldigvis den vidjetne Foucan som heldt kurs med ei gruppe kjende utøvarar. Snakk om å toppa ein allereie fullspekka parkour-ferie! Dei fekk faktisk drøsa litt med helten, fortel Tollef med eit ansiktsstrykk som røper at dette var stort. Eit realt kick for ei idrettsglede som trenar folk opp i å sjå at alle hinder er til for å overvinna. Det er ei haldning som sikkert kan koma godt med også i andre samanhengar.